



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6871 - 20/17837

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
02.04.2020

Vedtak til klagevurdering - gbnr 102/130 dispensasjon takform i regulert bustadfelt Vabø

Tiltak: oppføring av einebustad
Byggjestad: Gbnr: 102/130
Tiltakshavar: Stian Wergeland
Ansvarleg Arkoconsult AS
søkjær:

Saka gjeld søknad om rammeløyve for gjennombygging bustaden etter brann og søknad om dispensasjon frå regulert takform på bustaden. Det er omsøkt valmtak i steden for regulert saltak i planen.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Vabø bustadfelt med planid 1263-26102006 er definert som bustadføremål.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25% BYA.

Dispensasjon

Dispensasjon Tiltaket krev dispensasjon frå føresegn §4.3 i reguleringsplanen med omsyn til takform. Det er søkt om valmtak i staden for regulert saltak. Reguleringsplanen § 4.3 oppgir krav til at hus skal ha saltak med fall mellom 27 og 38 gradar. Omsøkt tiltak er prosjektert med valmtak med fall på 27 gradar.

Handsaming

Saka vart handsama av administrasjonen den 01.04.20, der følgjande vedtak vart fatta:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegn § 4.3 med omsyn til takform i reguleringsplanen for oppføring av einebustad på gbnr 10 2/1 30 Vabø.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for oppføring av einebustad på følgjande vilkår: 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 04.03.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3. Tiltaket skal oppførast i samsvar med teikningar datert 4.03.2020. 2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. 3. Tiltaket skal knytast til kommunalt kloakkanlegg i samsvar med løyve til påkopling datert 12.11.13 i sak 2013 /333, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan. 4. Tiltaket skal knytast til privat vassanlegg i samsvar med vedtakav 12.11.13, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan. 5. Tiltaket får tilkomst via regulert kommunal veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 22.10.2013 godkjent situasjonsplan.

Før det vert gjeve igangsettingsløyve skal det sendast søknad om dette. Det skal ikkje søkjast på nytt om tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg, men det skal sendast oppdatert situasjonsplan med leidningar for både privat vatn og kommunalt avlaup med tilkoplingspunkter.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre: 1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg avlaupsanlegg. 2. SOSI-koordinatar på privat vassleidning. 3. Dokumentasjon på at kvalitet av drikkevatt i felles privat vassanlegg er i samsvar med PBL § 27-1. 4. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.»

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar [sett inn] på e-post [sett inn] eller på telefon [sett inn].

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Rammeløyve med dispensasjon til oppføring av einebustad - gbnr 102/130 Vabø
kart
Teikning
Teikning
Utv.teikning
utv. teikning
Utv. teikning
Dispensasjon
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 102/130 Vabø - oppføring av bustad
Gjennomføringsplan
Opplysning om tiltakets ytre rammer
Følgjebrev

Kopi til:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSE N
Stian Wergeland	Ørnetua 21	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------